

Møteinnkalling

| | |
|------------------|------------------|
| Utval: | Valnemnda |
| Møtestad: | Fjernmøte |
| Dato: | 02.03.2021 |
| Tid: | 17:00 |

Informasjon om oppkobling til møtet vert sendt.

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

Melding om forfall:

Alle medlemer vil få tilsendt ein e-post kor det vert forklart korleis forfall kan registrerast. Denne e-posten vil kome innan to dagar.

Innkallinga gjeld valde medlemer i Valnemnda. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Natalia A. Golis
fylkesvaraordførar

Saksliste

| Utvals- saksnr | Innhald | Arkiv- saksnr | U.Off |
|-------------------|---|------------------|-------|
| | Godkjenningssaker | | |
| GK 1/21 | Godkjenning av møteinnkalling og sakliste | | |
| GK 2/21 | Godkjenning av møteprotokoll frå møte i valnemnda den 14.12.2020 | 2019/130 | |
| | Politiske saker | | |
| PS 1/21 | Val av ny vara til stiftinga Bergen Sjøfartsmuseum | 2019/11 | |
| PS 2/21 | Val av medlem til styringsgruppa Invest in Bergen | 2019/11 | |
| PS 3/21 | Val av fylkekommunen sine medlemmer i mangfaldsutvalet i Vestland | 2020/62317 | |

Godkjenningssaker
GK 1/21 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Saksnr: 2019/130-34
Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|-----------|-------------|------------|
| Valnemnda | 2/21 | 02.03.2021 |

Godkjenning av møteprotokoll frå møte i valnemnda den 14.12.2020

Møtebok frå møte i valnemnda den 14.12.2020 er lagt ved saka.

Møteprotokoll

| | |
|------------------|---------------------|
| Utval: | Valnemnda |
| Møtestad: | Digitalt, Fjernmøte |
| Dato: | 14.12.2020 |
| Tid: | 11:00 -11:30 |

Følgjande faste medlemer møtte:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|----------------------------|----------|---------------|
| Natalia A. Golis | Leiar | MDG |
| Aleksander Øren Heen | Medlem | SP |
| Jenny Ellaug Følling | Medlem | SP |
| Anne Gine Hestetun | Medlem | A |
| Arve Helle | Medlem | A |
| Marthe Hammer | Medlem | SV |
| Trude Brosvik | Medlem | KrF |
| Alfred Jens Bjørlo | Medlem | V |
| Silja Ekeland Bjørkly | Medlem | H |
| Noralv Distad | Medlem | H |
| Trym Helge Aafløy | Medlem | FNB |
| Kurt Johnny Hæggernæs | Medlem | PP |
| Jeanette Onarheim Syversen | Medlem | R |

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|--------------------------|----------|---------------|
| Jannicke Bergesen Clarke | Medlem | A |

Følgjande varamedlemer møtte:

| Namn | Møtte for | Representerer |
|----------------------|--------------------|---------------|
| Stian Jean O. Davies | Jannicke B. Clarke | A |

Merknader

Det var 14 medlemer tilstades.

Frå administrasjonen møtte:

| Namn | Stilling |
|-------------------------|------------------------------|
| Bertil Søfteland | Leiar politisk sekretariat. |
| Merethe Helland Nordnæs | Seniorrådgjevar/møtesekretær |

Saksliste

| Utvals- saksnr | Innhald | Arkiv- saksnr | U.Off |
|-------------------|---|------------------|-------|
| | Godkjenningssaker | | |
| GK 18/20 | Godkjenning av møteinnkalling og sakliste | | |
| GK 19/20 | Godkjenning av møteprotokoll frå møte i valnemnda den 29.09.2020 | 2020/47347 | |
| | Politiske saker | | |
| PS 39/20 | Val av ny varamedlem til styret i stiftinga Singerheimen | 2019/11 | |
| PS 40/20 | Søknad om midlertidig fritak - Tor André Ljosland | 2020/52598 | |
| PS 41/20 | Oppnemning av styremedlem og delegat til årsmøte/generalforsamling til Idrettsklynge Vest | 2020/309 | |
| PS 42/20 | Regional plan kultur Vestland - oppnemning av saksordførar | 2020/71722 | |
| PS 43/20 | Søknad om fritak frå verv i Yrkesopplæringsnemnda | 2020/395 | |
| PS 44/20 | Val av nytt medlem og varamedlem til Nordfjellrådet. | | |

Godkjenningssaker

GK 18/20 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Saksprotokoll i valnemnda - 14.12.2020

Natalia Golis, MDG, sette fram forslag om sak på sakskartet:

«Val av medlem og varamedlem til Nordfjellarrådet.»

Følgjande sak blei samrøystes vedteke sett på sakslista utan saksframlegg:

«Val av medlem og varamedlem til Nordfjellarrådet.»

Vedtak

Møteinnkallinga og sakslista vart godkjend med merknaden ovanfor.

GK 19/20 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i valnemnda den 29.09.2020

Saksprotokoll i valnemnda - 14.12.2020

Vedtak

Møteprotokoll frå møte i valnemnda den 29.09.2020 vart godkjend utan merknader.

Politiske saker

PS 39/20 Val av ny varamedlem til styret i stiftinga Singerheimen

Forslag til innstilling

Fylkestinget vel André Oppheim som ny varamedlem til styret stiftinga Singerheimen for valperioden 2019-2023

Saksprotokoll i valnemnda - 14.12.2020

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget vel André Oppheim som ny varamedlem til styret stiftinga Singerheimen for valperioden 2019-2023

PS 40/20 Søknad om midlertidig fritak - Tor André Ljosland

Innstilling

1. Tor André Ljosland vert innvilga midlertidig fritak frå sine verv i folkevalde organ som det går fram av saksframlegget, for perioden frå 1. februar til 14. mai 2021.

2. Frode Kleppe Holgersen vert vald som setjemedlem i hovudutval for næring for perioden 1. februar til 14. mai 2021.

Saksprotokoll i valnemnda - 14.12.2020

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Tor André Ljosland vert innvilga midlertidig fritak frå sine verv i folkevalde organ som det går fram av saksframlegget, for perioden frå 1. februar til 14. mai 2021.

2. Frode Kleppe Holgersen vert vald som setjemedlem i hovudutval for næring for perioden 1. februar til 14. mai 2021.

PS 41/20 Oppnemning av styremedlem og delegat til årsmøte/generalforsamling til Idrettsklynge Vest

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget nemner oppsom styrerepresentant for Idrettsklynge Vest

2. Fylkestinget gjer fylkesrådmannen mynde til å utnemne representantar frå administrasjonen til arbeidsgruppa i Idrettsklynge Vest

Saksprotokoll i valnemnda - 14.12.2020

Anne Gine Hestetun, A, sette fram slikt forslag til punkt 1:

«Ang valnemnda:

Fast styremedlem Idrettsklynge Vest:

Fylkesordfører (den til ei kvar tid sitjande).»

Avrøysting

Hestetun sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Fylkesrådmannen sitt forslag til punkt 2 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fast styremedlem Idrettsklynge Vest:

Fylkesordfører (den til ei kvar tid sitjande).

2. Fylkestinget gjer fylkesrådmannen mynde til å utnemne representantar frå administrasjonen til arbeidsgruppa i Idrettsklynge Vest

PS 42/20 Regional plan kultur Vestland - oppnemning av saksordfører

Forslag til vedtak:

1. vert vald som saksordfører for Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv.
2. Saksordføraren trer i funksjon frå det tidspunktet planarbeidet startar og skal vere medlem av ei eventuell styringsgruppe.

Saksprotokoll i valnemnda - 14.12.2020

Alfred Jens Bjørlo, V, sette fram slikt forslag til punkt 1:

1. Geir Kjell Andersland vert vald som saksordfører for Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv.

Avrøysting

Bjørlo sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Fylkesrådmannen sitt forslag til punkt 2, vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Geir Kjell Andersland vert vald som saksordfører for Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv.
2. Saksordføraren trer i funksjon frå det tidspunktet planarbeidet startar og skal vere medlem av ei eventuell styringsgruppe.

PS 43/20 Søknad om fritak frå verv i Yrkesopplæringsnemnda

Forslag til innstilling

1. Jasmin Eminovic får fritak frå sitt verv som medlem i yrkesopplæringsnemnda ut valperioden.
2. Som ny medlem vert vald: Eivind Johannessen
3. Som ny varamedlem vert vald: Unn Elin Lohne

Saksprotokoll i valnemnda - 14.12.2020

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til punkt 1, punkt 2 og til punkt 3 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Jasmin Eminovic får fritak frå sitt verv som medlem i yrkesopplæringsnemnda ut valperioden.
2. Som ny medlem vert vald: Eivind Johannessen
3. Som ny varamedlem vert vald: Unn Elin Lohne

PS 44/20 Val av nytt medlem og varamedlem til Nordfjellrådet.

Saksprotokoll i valnemnda - 14.12.2020

Saka vart lagt fram utan saksframlegg.

Silja Ekeland Bjørkly, H, sette fram slikt forslag:

«Val til Nordfjellarådet:

Medlem: Iril Schau Johansen.»

Natalia Golis, MDG, sette fram slikt forslag:

«Val til Nordfjellarådet:

Varamedlem: Terje Kolbotn.»

Avrøysting

Bjørkly sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Golis sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Iril Schau Johansen vert vald som medlem til Nordfjellarådet.
2. Terje Kolbotn vert vald som varamedlem til Nordfjellarådet.

Saksnr: 2019/11-69
Saksbehandlar: Petter Lem Gullestad

Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|--------------|-------------|------------|
| Valnemnda | 1/21 | 02.03.2021 |
| Fylkestinget | | |

Val av ny vara til stiftinga Bergens Sjøfartsmuseum

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget gjer slikt val av ny varamedlem til styre i stiftinga Bergens Sjøfartsmuseum:
.....

Samandrag

Ove Sverre Bjørdal er vald inn som varamedlem i styre i stiftinga Bergens Sjøfartsmuseum. Bjørdal har gjort administrasjonen merksam på habilitetskonfliktar knytt til dette vervet då hans sivile arbeidsgjevar, Deloitte AS, er revisor for stiftinga. Fylkesrådmannen legg med dette til rette for val av ny varamedlem til stiftinga.

Rune Haugsdal
fylkesrådmannIngrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkestinget valde i mars 2020 Ove Sverre Bjørdal som varamedlem til styret i stiftinga Bergens Sjøfartsmuseum.

Bjørdal har opplyst at hans sivile arbeidsgjevar, Deloitte AS, er revisor for stiftinga. Bjørdal viser til at det i beste fall gjer han inhabil ved handsaming av årsrekneskapen. Bjørdal skriv vidare at han ved å møte på styremøte, i verste fall gjer Deloitte AS inhabil til å revidere stiftinga. Bjørdal opplyser om at han ikkje var merksam på konflikten før han vart kalla inn til eit styremøte.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget gjer val av representantar til styrande organ i selskap, stiftingar, institusjonar o.l., jf. reglement for fylkestinget punkt 2.4.6.

Vurderingar og verknader

Bjørdal har grunngjeve sitt ønske om å si frå seg verv som varamedlem i stiftinga Bergens Sjøfartsmuseum med konkrete habilitetskonfliktar, både som møtande varamedlem i stiftinga sitt styremøte og som tilsett i eit aksjeselskap som reviderer stiftinga.

Det ligg ikkje til fylkesrådmannen å vurdere nemnde habilitetskonfliktar. Habilitet er regulert i høvesvis stiftelsesloven og aksjeloven, og ligg til respektive styre å handtere. Det ligg òg til styret i stiftinga å formelt take stilling til uttreden og eventuelt val av ny varamedlem.

Fylkesrådmannen legg med denne saka til rette for val av ny varamedlem til stiftinga.

Konklusjon

Fylkestinget gjer val av ny varamedlem til stiftinga Bergens Sjøfartsmuseum.

Saksnr: 2019/11-60
Saksbehandlar: Petter Lem Gullestad

Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|--------------|-------------|------------|
| Valnemnda | 2/21 | 02.03.2021 |
| Fylkestinget | | 09.03.2021 |

Val av representantar til styringsgruppa i Invest in Bergen

Innstilling

1.vert vald som representant til styringsgruppa i Invest in Bergen.
2.vert vald som representant til styringsgruppa i Invest in Bergen.

Samandrag

Vestland fylkeskommune er beden om å peike ut to representantar til ny styringsgruppa i Invest in Bergen. Kjønnbalanse er eit av kriteria for samansetnaden i ny styringsgruppe. Fylkesrådmannen rår til at fylkestinget peiker ut ein representant av kvart kjønn.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Invest in Bergen er ein offisiell organisasjon som arbeider for å få fleire investeringar og bedriftsetableringar i Bergensregionen. Organisasjonen yter gratis tenester. Organisasjonen er den lokale partnaren til Invest in Norway, som er ein del av Innovasjon Norge.

Vestland fylkeskommune er Invest in Bergen sin største finansielle bidragsyter. Følgjande 15 kommunar har førebels vedteke å bli med i ein ny programperiode frå 2021 til 2024: Askøy, Austrheim, Bergen, Bjørnafjorden, Eidfjord, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy, Samnanger, Ulvik, Vaksdal, Øygarden og Voss (gjennom Voss Eigedom).

Alver kommune skal ta opp ei vidareføring i sitt strategimøte til våren, medan Ullensvang kommune ikkje har behandla sak om vidareføring i sitt kommunestyre.

Invest in Bergen skal ha eigarmøte 12.mars. Dagens styringsgruppe vart vald på eigarmøte i 2020. Styringsgruppa har ikkje tilfredsstillande kjønnsbalanse og styringsgruppa har sjølv utnevnt ein valkomité for å gjennomføre nyval. Etter endring på forrige eigarmøte har fylket nå to plasser i styringsgruppen.

Sigbjørn Framnes (FrP) vart på marstinget i 2020 peika ut som fylkeskommunen sin representant, medan Tor André Ljosland (Krf) har fungert som den andre representanten frå fylket i kraft av sin rolle som leiar av hovudutval for næring.

Styringsgruppa som no skal veljast, vert vald for resten av inneverande fylkestings- og kommunestyreperiode.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget gjer val av representantar til styringsgruppa, jf. reglement for fylkestinget punkt 2.4.6.

Vurderingar

Det er etablert ein eigen valkomité i Invest in Bergen for val av ny styringsgruppe. Fylkeskommunen er beden om å melde inn sine to representantar til valkomiteen. I tillegg er opplyst at komiteen vil spørje Bergen kommune (som nest største finansielle bidragsyter) v/byråd for næring Erlend Horn om han vil vere representert.

Vidare skal valkomiteen innstille på inntil 5 ordførarar, der følgjande vil vere del av vurderinga:

- *Kjønnsbalansen i den nye styringsgruppen*
- *Representantene i styringsgruppen bør så godt det lar seg gjøre, representere de ulike geografiske delene av Bergensregionen*
- *Dagens representanter må ikke skiftes ut, men det er selvfølgelig opp til valgkomiteen å beslutte hvem de ønsker å ha med i en ny styringsgruppe*

Det følgjer av Vestland fylkeskommune sin eigarskapsmelding om andre verksemder:

«Fylkestinget tilrår at eigarorganet uavhengig av organisasjonsform og lovkrav forsøker å oppnå balansert kjønnsrepresentasjon i styra for å betre utnytte eksisterande kompetanse i regionen.»

Den eine av Vestland fylkeskommune sine representantar vil verte leiar i styringsgruppa. For å bidra til kjønnsbalanse i den nye styringsgruppa, rår fylkesrådmannen til at fylkestinget vel ein representant av kvart kjønn.

Konklusjon

Fylkestinget gjer val av to representantar til styringsgruppa i Invest in Bergen, ein av kvart kjønn.

Saksnr: 2020/62317-3
Saksbehandlar: Shahnaz Amin Haaq
Ingebjørg Erikstad

Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|--------------|-------------|------------|
| Valnemnda | 3/21 | 02.03.2021 |
| Fylkestinget | | 09.03.2021 |

Val av fylkeskommunen sine medlemmer i mangfaldsutvalet i Vestland

Forslag til innstilling:

1. Som Vestland fylkeskommune sine medlemmer/varamedlemmer i utvalet, vert valt:

Medlem:

Medlem:

Medlem:

Varamedlem:

Varamedlem:

Varamedlem:

2. Som leiar i utvalet vert valt:

Samandrag

Mangfaldsutvalet er ei vidareføring av det tidlegare Kontaktutvalet mellom innvandrarak og styresmakter (KIS) i Hordaland.

Utvalet er rådgjevande, og skal sørge for systematisk dialog mellom innvandrarak, politikarak og offentleg administrasjon i Vestland, drøfte og foreslå tiltak til politiske instansar, følgja opp saker frå eigne utvalsmøte. Utvalet vert ein viktig arena for fylkeskommunen sitt arbeid med dei nye integreringsoppgåvene.

Fylkestinget skal velje tre medlemmer med varamedlemmer til utvalet, og peika ut leiar.

Vestland innvandrerråd er sekretær for utvalet.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing**Bakgrunn for saka:**

I fylkestingssak 163/2020 slutta fylkestinget seg til at det vert etablert eit nytt kontaktutval mellom innvandrarar og styresmaktene i Vestland fylke. Følgjande deltek i utvalet: Vestland Innvanderråd (seks representantar), KS Vest (to representantar), Bergen kommune (ein representant) og fylkeskommunen (tre representantar).

Kontaktutvalet mellom innvandrarar og styresmaktene i Hordaland vart oppretta i 1999, og det vart evaluert i 2002 og i 2005. Utvalet vert no re-etablert som Mangfaldsutvalet i Vestland. Det vert presisert at mangfald i denne samanhengen handlar om kulturelt og etnisk mangfald.

Val av medlemmer til utvalet:

Fylkeskommunen skal velje tre medlemmer til utvalet. Det er ønskjeleg at det også vert valt varamedlemmer. Ein av dei fylkeskommunale medlemmane vert også peika ut som leiar av utvalet. Integrering og inkludering har eit breitt perspektiv og inngår i fleire fagavdelingar/ sektorar sitt ansvarsområde. Det vil vere ønskeleg at ulike sektorar i fylkeskommunen vert representert inn i utvalet. Valet gjeld for inneverande fylkestingsperiode.

Sekretariat og økonomi:

Vestland innvanderråd er sekretariat for utvalet. Kommunane og fylkeskommunen dekkjer møtekostnadane for sine medlemmer i rådet.

Vedtakskompetanse: Fylkestinget, etter tilråding frå valnemnda, jf vedteke reglement.

Vurderingar og verknader:

Etableringa av Mangfaldsutvalet i Vestland (tidlegare Kontaktutvalet mellom innvandrarar og styresmaktene (KIS) i Hordaland) er ein del av fylkeskommunen sitt arbeid med å meisel ut ein regional integrerings- og inkluderingspolitikk. Ei av oppgåvene som kom over frå Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDi) i 2020 handlar om stimulering av frivillig arbeid og samfunnsdeltaking. Etableringa av Mangfaldsutvalet i Vestland er ein måte å konkretisere denne oppgåva på. Gjennom dialog, rådgjeving og påverknad skal utvalet utvikle kontakten mellom innvandrarar og styresmakter i Vestland fylke. Utvalet har inga avgjerdsrett, og har ingen formell status etter kommunelova. Fylkesrådmannen vurderer likevel utvalet som viktig i lys av oppgåva med å stimulere samfunnsdeltaking blant innvandrarar. Fylkeskommunen, Bergen kommune og KS kan stille med administrativ representant som observatør inn i utvalet.

Økonomi: Vestland fylkeskommune gir driftsstøtte til Vestland innvanderråd som stiller som sekretariat for utvalet. Fylkeskommunen dekkjer møteutgifter for sine representantar i utvalet.

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Regional plan for folkehelse 2014-2025 – fleire gode leveår for alle. Integrering har positiv verknad på folkehelsa.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): Utviklingsplan for Vestland med sine fire mål og 13 strategiar har eit overordna inkluderande perspektiv. Å sikre og utvikle strukturert dialog mellom innvandrargruppene og offentleg sektor i Vestland vil vere eit godt tiltak for å utvikle ein heilskapleg regional integreringspolitikk.